



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 21.02.2017
Tid: 13:45 – 15:20

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Helge Støylen	Vararordførar	TVP
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Kari Grønnevik	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne- Marte S. Beitveit	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørn Flatøy	Anne- Marte S. Beitveit	TVP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Asle Giske	Rådmann
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 7

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 18/17	Skriv og meldingar	
PS 19/17	Omklassifisering av kommunale vegar og gatelys	2017/138
PS 20/17	Utsifting av gatelys 2017	2017/149
PS 21/17	Omlegging av vassleidning i Sandvikdalen	2017/162
PS 22/17	Gnr 12 Bnr 93 - Lindis og Paul Moltubakk Dispensasjon frå reguleringsplan	2014/485
PS 23/17	Fv. 61 / fv. 9 i Sande kommune - Reguleringsplanarbeid Halleskiftet	2016/926
PS 24/17	Fv. 10 Sande kommune - Reguleringsplanarbeid gangveg Gursken - Haugsbygda	2016/923
PS 25/17	Tomteprisar i Haugelia Vest	2015/702
PS 26/17	Tiltak mot svart arbeid og arbeidskriminalitet ved anskaffingar og innkjøp	2017/203
	Eventuelt	

Rådmannen orienterte om årsresultatet for 2016 som førebels viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1.370.000,-.

Rådmannen orienterte om møtet med Fylkesmannen 20.02.17 vedr. investeringsbudsjettet og investeringsramma til Sande kommune.

PS 18/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Formannskapet :

RS 5/17 Innkalling til fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017

RS 6/17 Skriv frå Roger G. Pettersen, dat. 21.02.17 vedr Formannskapmøte 21 februar 2017. Tomteprisar i Haugelia vest.

VEDTAK:

Skriv og meldinar vart samrøystes teke til vitande.

PS 19/17
OMKLASSIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR OG GATELYS

Handsaming i Formannskapet :

Nytt samla framlegg:

Sande kommunestyret vedtek å ikkje prioritere saka om omklassifisering av vegar og gatelys i denne kommunevalperioda.

Omklassifisering av einskildvegar vert teke opp til handsaming som enkeltsaker etter gjeldande retningsliner.

Nytt samla framlegg vart samrøystes tilrådd.

TILRÅDING:

Sande kommunestyret vedtek å ikkje prioritere saka om omklassifisering av vegar og gatelys i denne kommunevalperioda.

Omklassifisering av einskildvegar vert teke opp til handsaming som enkeltsaker etter gjeldande retningsliner.

PS 20/17
UTSKIFTING AV GATELYS 2017

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med slik endring av pkt. 4:
«.... Sandsøya/Voksa»

TILRÅDING:

1. Utskifting/montering av 17 stk LED 50 watt armaturer på Larsnes langs fylkesvegen, total kostnad ca kr 100.000,-. Lysa på Larsnes vert montert på fylgjande strekningar:
 - 17 lys Larsnes Sparebank + Smalebakken
 - Administrasjonen tilpassar innanfor kostnadsramma.
2. Utskifting/montering av 17 stk LED 50 watt armaturer i Gursken langs fylkesvegen, total kostnad ca kr 100.000,-. Lysa i Gursken vert montert på fylgjande strekningar:
 - 17 lys frå Jokerbutikken og utover Nedre Knotten
 - Administrasjonen tilpassar innanfor kostnadsramma.
3. Utskifting/montering av 17 stk LED 50 watt armaturer i Gjerdsvika langs fylkesvegen, total kostnad kr 100.000,-. Lysa i Gjerdsvika vert montert på fylgjande strekningar:
 - 10 lys frå Peter Muren mot Gjøneset.
 - 7 lys frå Stokset og utover til byggefeltet på Gotane.
 - Administrasjonen tilpassar innanfor kostnadsramma
4. Inntil kr 7000,- kan nyttast til nødvendige tiltak på Sandsøya/Voksa.
5. NTM-utvalet ber om at utskifting av HQL-armaturer langs fylkesvegane vert prioritert i åra framover.

PS 21/17
OMLEGGING AV VASSLEIDNING I SANDVIKDALEN

Handsaming i Formannskapet :

- Jon Garen gjekk frå som ugild grunna arbeidsforhold hjå grunneigar. **6 røysteføre.**

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å legge om hovudvassleidninga i Sandvikdalen i Vanylven kommune.

Omlegginga vert å gjennomføre i samsvar med leidningskart (1 og 2) datert 06.02.2017. Kostnaden med tiltaket vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga.

- Jon Garen tok sete att. **7 røysteføre.**

PS 22/17

**GNR 12 BNR 93 - LINDIS OG PAUL MOLTUBAKK DISPENSASJON FRÅ
REGULERINGSPLAN**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 19-2 i Plan og bygningslova gir Sande formannskap dispensasjon frå reguleringsplan Haugsbygda Hamn for etablering av kai på sydsida av eksisterande naust på gnr.12 bnr.93 og bnr.101 slik det er vist på utsnitt av reguleringsplan dat.27.3.2014.

Nærare vilkår vert fastsett ved handsaming av byggemelding for tiltaket.

PS 23/17

**FV. 61 / FV. 9 I SANDE KOMMUNE - REGULERINGSPLANARBEID
HALLESKIFTET**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap vedtek at det kan utarbeidast detaljreguleringsplan innanfor eit areal som det går fram av skriv frå Statens Vegvesen datert 05.09.2016.

Området vert å regulere til gangveg, busslomme og anna trafikkareal.

Administrasjonen får i fullmakt å gjennomføre detaljregulering over det aktuelle området.

PS 24/17

**FV. 10 SANDE KOMMUNE - REGULERINGSPLANARBEID GANGVEG GURSKEN -
HAUGSBYGDA**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap vedtek at det kan utarbeidast detaljreguleringsplan innanfor eit areal som det går fram av skriv frå Statens Vegvesen datert 05.09.2016.

Området vert å regulere til gangveg, busslomme og anna trafikkareal.

Administrasjonen får i fullmakt å gjennomføre detaljregulering over det aktuelle området

PS 25/17
TOMTEPRISAR I HAUGELIA VEST

Handsaming i Formannskapet :

- Arnljot Muren gjekk ifrå som ugild grunna slektskap med ein interessent i området.
6 røysteføre.

Skriv frå Roger G. Pettersen dat 21.02.2017 vart referert.

Ordførar Dag Vaagen, H sette fram følgjande framlegg:

Prisen for 6 kommunale tomter i Haugelia Vest vert å sette til 200 kr/m².

Prisen er eks. oppmålings,-, tinglysing og tilknytningsgebyr for vatn og avløp.

Samr. som framlegget frå Dag Vaagen.

TILRÅDING:

Prisen for 6 kommunale tomter i Haugelia Vest vert å sette til 200 kr/m².

Prisen er eks. oppmålings,-, tinglysing og tilknytningsgebyr for vatn og avløp.

- Arnljot Muren tok sete att. **7 røysteføre.**

PS 26/17
TILTAK MOT SVART ARBEID OG ARBEIDSKRIMINALITET VED
ANSKAFFINGAR OG INNKJØP

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommune skal gjennom anskaffingar og innkjøp medverke til ei berekraftig miljøutvikling, eit forsvarleg utvikling av arbeidslivet, samt etablering av fleire lærlingplassar.

Kommunen skal legge vedlagde «Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffingar i kommuner og fylkeskommuner» til grunn ved innkjøp.

Til å skrive under møteboka saman med ordførar vart Arnljot Muren og Bjørn Flatøy valde.

Møtet slutt kl 15.20

Arnljot Muren

Dag Vaagen

Bjørn Flatøy

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 22. februar 2017



Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær